



Statens vegvesen

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSEN

Tom Andre Sivertsen

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
15/257791-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
11.02.2016

Uttale til dispensasjon – Søknad om ny avkøyrsløse – fv. 407 – gnr. 88 bnr. 103 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til dykkar søknad mottatt 21. desember 2015.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om dispensasjon frå reguleringsplan Sæbøtunet på Radøy. Hovudføremål med planen er bustadbygging. Planen omfattar og ei omlegging av Fv. 407 Sæbøvegen, og syner mellom anna ny avkøyrsløse frå fylkesveg inn til bustadfelt B6 og andre nærliggande eigedomar utanom planområdet. Planen vart vedtatt i 2004, med seinare endringar.

Statens vegvesen fekk dispensasjonssøknad til uttale frå Radøy kommune 20. oktober 2015. Det var då mellom anna søkt om å trekke avkøyrsløse lenger sør. Søknaden var grunngjeve med at det ikkje var føresegnar om rekkjefølgje som sikra ei omlegging av Fv. 407 slik reguleringsplanen syner og at det er uvisst kor tid ei slik omlegging vert realisert. For å byggje ut felt B6 er tiltakshavar avhengig av å bygge ny avkøyrsløse til fylkesvegen slik den ligg i dag.

Vi gav uttale til dispensasjonssøknaden i brev av 12.11.2015 til Radøy kommune. Der la vi vekt på at tiltakshavar ikkje kunne rekne med å få godkjent ei avkøyrsløse som var vesentleg dårlegare enn det som er regulert, og at ein ikkje kunne rekne med å få avkøyrsløse godkjent slik teikningane synte. Vi bad og kommunen om ei vurdering av m.a. tal brukarar i avkøyrsløse, forventa samfunnsutvikling i området samt at vi minna om at føresegnene til reguleringsplanen legg rammer for geometrisk utforming av avkøyrsløse.

21. desember 2015 fekk vi søknad om ny avkøyrsløse direkte frå søkjar, for behandling etter veglova.

Vurdering:

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Reguleringsplan for Sæbøtunet føreset ei omlegging av fylkesvegen før ein opparbeider avkøyrsløse til bustadfelt B6 i planen. Det går underforstått fram av søknaden at det ikkje føreligg konkrete planar for utbetring av fylkesvegen. Ein må difor gå ut i frå at løysinga det er søkt om vert ei løysing som skal fungere i lang tid. Når planen ikkje vert bygd ut etter intensjonane får det følger for resten av planområdet på denne sida av veggen med tilhøyrande bustadareal, interne vegar, parkeringsareal med vidare.

Sett ut i frå vårt ansvarsområde er utfordringane knytt til denne konkrete søknaden at det vert mindre areal til å opparbeide avkøyrsløse med svingradius og frisisiktsoner i høve til det arealet som er avsett i plan. I tillegg vert byggjegrensa mot fylkesvegen som er synt i plankartet feil.

Arkoconsult har sendt oss nytt kart til søknad om ny avkøyrsløse. Kartet viser tilsvarande avkøyrsløse som var vedlagt søknad om dispensasjon, og som vi gav uttrykk for ikkje kunne akseptere. Det er ikkje samsvar mellom kart og påteikningar. Det vil seie at avkøyrsløse ikkje er teikna med den svingradiusen som er påført i kartet (9m). Svingradius skal teiknast fullt ut 180° før sekundæveg vert kopla på. Det må synleggjerast at avkøyrsløse og sekundævegar kan byggast fullt ut. Kartet vedlagt søknaden har difor ikkje god nok kvalitet til at vi kan vurdere søknaden på ein tilfredstillande måte. Vi rår til at de nyttar vegplanleggjar til dette arbeidet.

Forutan å få til god svingradius, er det vanskeleg å få tilstrekkeleg sikt i avkøyrsløse.

Avkøyrsløse er i dag brukt av to bustadhus. Desse har også krav på ei tilfredstillande løysing dersom dagens avkøyrsløse vert flytta. Reguleringsplanen har i tillegg føresegner om ein annan ubyggd tomt utanfor planområdet skal knytast til denne avkøyrsløse.

Det er og å merke seg at dette er ein eldre reguleringsplan, og vi meiner det er behov for å oppdatere planen i høve til gjeldande situasjon, eller til det som er ønskjeleg og realistisk å få til, jamfør plan- og bygningslova § 12-4.

Oppsummering:

Statens vegvesen har vurdert dei innsende dokumenta og finn at endringane det er søkt om rører ved mange interesser og partar i planområdet. Slik vi ser det kan ikkje avkøyrsløse flyttast utan at det får vesentlege følgjer for planområdet elles. Vi finn med bakgrunn i dette at det ikkje er rett å handsame søknaden som eit enkeltvedtak etter veglova. Det vert og underforstått at denne endringa vert ei løysing på lang sikt. Statens vegvesen rår difor til at søknaden må takast som ei endring av plan, heller enn ein dispensasjon. Dette er det Radøy kommune som er rette mynde å ta stilling til.

Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Kopi
Radøy kommune, Krossvegen 8, 5936 MANGER

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.